



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Matvareberedskap i Noreg – legitimering og politikkutforming

NIBIO RAPPORT | VOL. 6 | NR. 81 | 2020



Sjur Spildo Prestegard

Divisjon for matproduksjon og samfunn, avdeling for økonomi og samfunn

TITTEL/TITLE

Matvareberedskap i Noreg – legitimering og politikktutforming

FORFATTER(E)/AUTHOR(S)

Sjur Spildo Prestegard

DATO/DATE:	RAPPORT NR./ REPORT NO.:	TILGJENGELIGHET/AVAILABILITY:	PROSJEKTNR./PROJECT NO.:	SAKSNR./ARCHIVE NO.:
15.05.2020	6/81/2020	Åpen	202099-G4	20/00649
ISBN:	ISSN:	ANTALL SIDER/ NO. OF PAGES:	ANTALL VEDLEGG/ NO. OF APPENDICES:	
978-82-17-02596-2	2464-1162	13		

OPPDRAKSGIVER/EMPLOYER:

NIBIO

KONTAKTPERSON/CONTACT PERSON:

Sjur Spildo Prestegard

STIKKORD/KEYWORDS:

Matvareberedskap, kriser, matforsyning,
politikktutformingFood security, crisis, food availability, policy
formation

FAGOMRÅDE/FIELD OF WORK:

Landbruksøkonomi, landbrukspolitikk

Agricultural economics, agricultural policy

SAMMENDRAG/SUMMARY:

Norsk matvareberedskap bør handla om å førebu seg til kriser der matforsyninga kan verta alvorleg trua på grunn av krig, konflikhtar, miljø- og naturkatastrofar, klimaendringar, o.l. Lagring av jordbruksvarer og innsatsmiddel kan ha betydning ved kortvarige forsyningskriser. I meir langvarige krisesituasjonar vil det måtta skje ei omlegging av innanlandsk produksjon og endringar i kosthaldet. Oppretthalding av ein løpande jordbruksproduksjon over heile landet er viktig med tanke på framtidig matproduksjon ved langvarige kriser.

LAND/COUNTRY:

Noreg

FYLKE/COUNTY:

KOMMUNE/MUNICIPALITY:

STED/LOKALITET:

GODKJENT /APPROVED

Mogens Lund

NAVN/NAME

PROSJEKTLEDER /PROJECT LEADER

Sjur Spildo Prestegard

NAVN/NAME



NIBIO

NØRSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Føreord

Matvaresikkerheit eller matvareberedskap har vore ein viktig del av landbrukspolitikken og av samfunnsdebatten i Noreg og andre land i lang tid. Det å sikra innbyggjarane tilgang til nok og næringsriktig mat frå eigen produksjon og import har vore og er sett på som viktig.

Denne rapporten ser først på definisjonar av matvaresikkerheit eller beredskap og på spørsmålet om kva som kan legitimera ein politikk for norsk matvareberedskap. Deretter er det sett på spørsmål om kriseforståing knytt til matforsyning i Noreg, og om alternativ for politikk på området. Kva typar kriser er det ein skal ha beredskap for i Noreg? Kva strategiar for matvareberedskap kan eller bør ein velja, og kva typar verkemiddel kan vera eigna for å oppnå tilfredsstillande matvareberedskap?

Denne rapporten er skriven av Sjur Spildo Prestegard. Rapporten byggjer på eit foredrag om norsk matvareberedskap som han heldt i plenum på NJF-kongressen i Kaunas i Litauen i juni 2018.

Leif Jarle Asheim har lese eit tidlegare utkast til rapport og har kome med nyttige innspill til fagleg innhald og språkleg framstilling.

Ås, 15.05.20

Mogens Lund

Innhold

1	Innleiing	5
2	Definisjonar og legitimering	6
3	Kva kriser kan trua norsk matforsyning?	8
4	Strategiar for matvareberedskap	9
5	Kva verkemiddel kan bidra til god matvareberedskap i Noreg?	11
6	Oppsummering	12
7	Referansar	13

1 Innleiing

Noreg er eit land der berre ca. 3 prosent av landarealet er jordbruksareal i drift og med svært ulike vilkår for å driva jordbruk, noko som i sin tur har medverka til at Noreg i mange hundre år har hatt ein betydeleg import av jordbruksvarer som korn, sukker, grønsaker og frukt. Dei seinare åra har det også vore noko import av kjøt og ost gjennom importkvotar i World Trade Organisation (WTO) eller avtalar med EU om tollfrie kvotar. På den andre sida har Noreg tradisjonelt vore ein stor eksportør av fisk. Dette har naturlegvis vore eit bakteppe for norsk landbrukspolitik i lang tid.

Det er ikkje berre i Noreg at matvaresikkerheit eller matvareberedskap har vore ein viktig del av landbrukspolitikken og samfunnsdebatten. Dette har også vore viktig i EU, Sveits, India, Sør-Korea og Japan. Mange utviklingsland har også vore opptekne av matvaresikkerheit. I internasjonale organisasjonar og fora som OECD, WTO, FAO og andre FN-organisasjonar har matvaresikkerheit vore eit av fleire viktige tema innan landbruk og mat dei seinare åra. I faglitteraturen kjenner vi diskusjonen om matvaresikkerheit og matvareberedskap mest frå artiklar om det multifunksjonelle landbruket og i rapportar frå OECD, men også frå diskusjonen om å sikra fattige land og folk nok mat og dermed unngå svolt og under- eller feilernæring.

I denne artikkelen vil eg sjå nærmare på matvareberedskap i norsk samanheng. Først er det sett på spørsmålet om legitimering av ein politikk for norsk matvareberedskap. Deretter vil eg ta for meg spørsmål om kriseforståing knytt til matforsyning i Noreg, og om alternativ for politikk på området. Det er diskutert moglege strategiar for matvareberedskap og på aktuelle verkemiddel for å oppnå tilfredsstillande matvareberedskap. Til slutt vert det ei kort oppsummering.

2 Definisjonar og legitimering

Omgrepa matvaresikkerheit eller matvareberedskap inneheld fleire dimensjonar og har ikkje hatt nokon eintydig definisjon opp gjennom åra. Det har vore vanskeleg å verta samde om ein felles definisjon. Bredahl et al. (1999), Maxwell (1996) og Flaten (1999) har vurdert ulike definisjonar og dimensjonar.

Dei første tiåra etter andre verdskrig var fokus i stor grad retta mot å produsera nok mat for å unngå svolt. Dette var mellom anna eit sentralt mål for EU sin felles landbrukspolitikk (CAP). Ifylgje Bredahl et al. (1999) så endra dette seg seinare til eit meit komplekst omgrep og eit skifte frå eit objektivt til eit meir subjektivt perspektiv; nemleg individuell tilgang til nok mat.

Svolt er framleis eit stort problem i mange utviklingsland. Problemet er ikkje først og fremst manglande produksjon av mat, om vi ser bort frå år med stor avlingssvikt over store geografiske område, men heng i stor grad saman med fattigdomsproblematikk og fordelingsstrukturar som gjer at mange enten ikkje har tilgang til nok mat eller råd til å kjøpa nok mat til dei prisar som gjeld. Mange viser i den samanheng til at på FAOs mattoppmøte i 1996 vart «food security» i brei forstand definert som at «*food security exists when all people, at all times, have physical, social and economic access to sufficient, safe and nutritious food to meet dietary need and preferences for an active and healthy life*». I meldingar til Stortinget om landbrukspolitikk dei seinare åra er denne definisjonen lagt til grunn for omtalen av matvaresikkerheit, men der er også matmangfald og kvalitet tatt med.

Matvaresikkerheit eller matvareberedskap kan legitimerast gjennom internasjonale avtalar eller erklæringar som FN si menneskerettighetserklæring som tek utgangspunkt i mennesket sin rett til nok mat og trygg mat for eit ernæringsmessig godt kosthald. Det er elles verdt å merka seg at i Sveits er det å sikra tilstrekkelege matforsyningar til folket, nedfelt som eit av måla for landbrukspolitikken i sjølve grunnlova (Swizz Government, 2017a).

Når det gjeld politisk legitimering i Noreg, så har Stortinget aldri vedtatt eit eige mål om matvaresikkerheit eller matvareberedskap. Her i landet har det vanlege vore legitimering av politikk på området matvareberedskap gjennom meldingar til Stortinget og Stortinget si handsaming av desse. Matvareberedskap kan også gjevast samfunnsøkonomisk legitimering. Ifylgje økonomisk teori vil samfunnet oppnå det beste resultatet ved ein fri marknadsøkonomi, slik at marginalverdien av alle resursane vert lik uansett bruksområde: Inngrep i marknaden, med mål og økonomiske verkemiddel, vil ifylgje teorien gje eit effektivitetstap. Slike inngrep kan i prinsippet berre forsvarast eller legitimerast på grunn av eventuelle positive eksterne effektar og marknadsfeil («market failures»).

Kva marknadsfeil er det så som kan legitimera matvaresikkerheit eller matvareberedskap? Mangelfulle private vare- og risikomarknader kan gje marknadsfeil ved at det til tider oppstår ustabil matforsyning med store prisfluktuasjonar. Harvey (1997, s. 393) støttar eit syn om at private risikomarknader og marknadsmekanismen ikkje er i stand til å ta omsyn til nasjonal matvareberedskap på ein tilstrekkeleg trygg måte: «*It is also commonly perceived that risk and contingent markets are likely to be incomplete since it is practically impossible to pre-specify and write contracts for every conceivable future outcome*». Ustabil matforsyning med store prisfluktuasjonar kan i sin tur gje fare for sosial uro; ikkje minst i utviklingsland og land som er hardt råka av arbeidsledigheit og andre økonomiske problem som kan legitimera offentlege tiltak for å stabilisera matforsyninga og dempa prissvingingane. Dette kan skje til dømes gjennom statleg oppkjøp og lagerhald og subsidiert sal av mat slik vi har sett det i land som India og Egypt, men det har vist seg å kunna ha uheldige verknader for andre utviklingsland.

Ifylgje økonomisk teori kan det i ein fri marknad verta «produsert» for lite av kollektive gode (fellesgode) i forhold til betalingsviljen i folket for godet, og det kan legitimera inngrep i marknaden med støtte og reguleringar for å få til ei meir samfunnsøkonomisk optimal tilpassing (eit eksempel er kulturlandskap): Matvaresikkerheit eller matvareberedskap kan oppfattast som eit slikt kollektivt gode

(fellesgode) som landbruket «produserer» i tillegg til produksjonen av mat, fiber og tenester for ein marknad. Eg var nok ein av dei aller første som fremja dette synspunktet i Noreg i doktorgradsavhandlinga «Norsk landbrukspolitik - legitimering og ulike verkemiddelsystem» (Prestegard, 1992), men denne argumentasjonen dukka også opp i Alstadheimutvalet si innstilling (Norges Offentlige Utredninger, 1991) og i seinare meldingar til Stortinget om landbrukspolitikken.

Marknaden har vanlegvis stor evne til å takla til dels store prisfluktuasjonar, men ein del utviklingsland med store låginntektsgrupper (eit eksempel er India) og land som frå tid til anna er hardt ramma av økonomiske kriser (som for eksempel Egypt og Hellas), kan oppleva vanskar med mottilgang til overkommelege prisar og utan sosial uro. Rike land som Japan, Sør-Korea, Sveits og Noreg der innbyggjarane har høg kjøpekraft, vil derimot vanlegvis ikkje ha problem med å skaffa seg nok og trygg mat for eit fullgodt kosthald, også i tider med kraftig auke i internasjonale prisar på jordbruksvarer eller ved sterk nedgang i verdien på eigen valuta. Eg meiner difor at det eigentleg ikkje er behov for å ta spesielle forholdsreglar i eit rikt land som Noreg. Låginntektsgrupper i Noreg som kan verta råka av eventuell prisoppgang, kan hjelpast gjennom målretta omfordelings- og fattigdomstiltak.

Eg vil vidare halda meg til omgrepet matvareberedskap som eg oppfattar som eit litt snevrare omgrep enn matvaresikkerheit, nettopp fordi eg vanskeleg kan sjå at rike Noreg har utfordringar med å skaffa innbyggjarane tilgang til nok og trygg mat som møter deira ernæringsmessige behov og matvarepreferansar for eit aktivt liv med god helse i normale tider.

3 Kva kriser kan trua norsk matforsyning?

Norsk matvareberedskap bør etter mitt syn handla om å førebu seg til moglege kriser der matforsyninga kan verta alvorleg trua for ein periode. Moglege kriser som kan trua matforsyninga i Noreg (både import og eigen matproduksjon) kan oppstå som fylgje av handelspolitiske tiltak frå andre land (eksportforbod av visse matvarer, blokadar og avsperring), konflikhtar eller krigstilstand i vår region eller i Noreg, store miljø- og forureiningskatastrofar i form av radioaktivt nedfall og store giftutslepp, utbrot av alvorlege plante- og dyresjukdomar, utbrot av pandemiar, jordskjelv, vulkanutbrot, o.l. Dessutan kan folkeauken i verda, ressursmangel og klimaendringar føra til langsiktig matforsyningssvikt globalt. Det kan også vera snakk om ein kombinasjonar av desse moglege krisene.

Risikoen for at slike kriser kan oppstå vil variera betydeleg og kan nok seiast vera liten for kriser knytt til konflikhtar og krig, men det er for enkelt å avvisa at risikoen finst (jf. det vi har sett i Aust-Ukraina dei siste 3-4 åra). Dette ikkje minst sidan konsekvensane for matforsyninga av slike kriser kan verta svært omfattande og alvorlege. Mange ser nok på risikoen for langsiktig matforsyningssvikt globalt som ei langt meir reell problemstilling som ein må ta høgde for.

Ei sentral vurdering er også kor lenge ei krise vil vare eller kor lang tid ein treng til omstilling. I dette ligg at om innkjøp av ei matvare eksempelvis poteter frå utlandet stoggar på hausten så kan ein trenge inntil 1 år på å auke norsk produksjon. Manglar ein i tillegg innsatsfaktorar som soppmiddel mot tørrote og ekspertise på potetdyrking kan det gå lenger tid (2 år).

Risiko- og konsekvensanalysar gjort av ekspertar innan ulike fagområde, kan vera til hjelp for politikarane og forvaltninga når dei skal avgjera korleis dei skal førebu seg til eventuelle kriser, for eksempel kva strategiar eller kombinasjonar av strategiar dei kan eller bør velja og tilhøyrande verkemiddelbruk.

4 Strategiar for matvareberedskap

Ein strategi for matvareberedskap kan mellom anna vera å bidra til eit vel fungerande internasjonalt handelssystem, gjennom vår medlemskap i WTO og andre handelsavtalar, som kan sikra at det vil vera mogleg med i alle fall noko import også ved ulike kriser. Dette kan supplerast med å inngå bilaterale handelsavtalar. Noreg kan til dømes inngå avtalar om bytte av fisk mot korn i krisetider.

Kyrre Rickertsen hevda i si prøveforelesing over oppgitt emne for Dr.polit.-graden i 1990 at maximin kan vera eit eigna kriterium for beredskapsplanlegging når det gjeld matvareforsyning. Dette inneber i så fall at ein ynskjer å gjera det beste ut av det verst tenkelege tilfellet reint forsyningsmessig, til dømes at folket skal brødfødest samstundes med at all handel med utlandet fell bort.

Lagring av jordbruksprodukt og innsatsmiddel (t.d. korn, såfrø, kunstgjødsel) kan ha betydning ved kortvarige forsyningskriser og gje tid for omstilling av innanlandsk produksjon ved langvarige endringar (Sturgess, 1992). Winters (1990) hevdar at lagerhald kan ha to viktige strategiske roller ved vurdering av nasjonal matvareberedskap. Det kan vera ei erstatning for eigen sjølvforsyning dersom ein er sikker på at lagra varer lengre enn krisa. Dessutan kan lagra vara lenge nok til at ein kan byggja opp eigen produksjon ved langvarige kriser. Det siste kriteriet er det maksimale gitt at ein umiddelbart prøver å byggja opp eigen produksjon dersom det skjer ei krise. Omstillingsevne og fleksibilitet er stikkord for å koma velberga gjennom ei krise på kortast mogleg tid.

Lagring kan skje i privat regi i verdikjeden for mat eller gjennom offentleg finansiert lagerhald. Det er verdt å merka seg at både Sturgess (1992) og Winters (1990) peikar på at det moderne jordbruket med stor innsats av innkjøpte driftsmiddel som til dømes maskiner, drivstoff, mineralgjødsel, såfrø, plantevernmidde, kraftfôr og straum, er sårbar ved kriser. For å oppretthalda husdyrproduksjonen er lager av kraftfôr spesielt viktig, og både kraftfôr og matkorn og til dels såfrø har begrensa haldbarheit og må skiftast ut med ferskare vare med jamne mellomrom.

I meir langvarige krisesituasjonar vil det måtta skje ei omlegging av innanlandsk produksjon og endringar i kosthaldet til meir fisk (både frå oppdrett og fiskeria), poteter, korn og grønsaker og mindre meierivarer og kjøt. Den til ei kvar tid ståande laksemengda i merane langs kysten, vil utgjera ein betydeleg matressurs til innanlandsk forbruk i krisesituasjonar. Vi har vidare nyttige erfaringar frå andre verdskrig som framleis vil kunna ha ein viss verdi i eventuelle nye krisesituasjonar; til dømes folks evne til matauk gjennom bruk av sine kjøkkenhagar, jakt, sanking av bær og sopp, og innlandsfiske og kystfiske. Eit spørsmål er likevel om det ligg til rette for omfattande bruk og utnytting av desse ressursane innafor dagens busetjingsmønster i Noreg.

Oppretthalding av ein løpande jordbruksproduksjon over heile landet for på den måten å halda jordbruksarealet mest mogleg i hevd, oppretthalda husdyrbestandar, maskiner, bygningar og kunnskap om jordbruk for framtidig matproduksjon vil vera viktig for å kunna møte meir langvarige kriser. I tillegg kan ein sikra seg ved at jord som ikkje er i aktiv bruk, vert lagt i ein «jordbank» som seinare kan takast i bruk att (dvs. at jordas produksjonsevne vert oppretthalden utan at det nødvendigvis vert produsert mat på areala) (Flaten, 1999). Utrekningar med sjølvforsyningsmodellen for ein del år tilbake som Alstadheimutvalet fekk utført, viste at Noreg kan vera bortimot sjølvforsynt med matvarer ved ei langsiktig avsperring (definert som 3 år), gjennom omlegging av innanlandsk produksjon og kosthald (til ein krisekostplan) (Norges Offentlige Utredninger, 1991).

Auka matproduksjon med tanke på uendra eller auka sjølvforsyningsgrad for jordbruksvarer i normale tider gjev ikkje nødvendigvis god matvareberedskap i krisetider fordi då vil både produksjon og kosthald måtta leggjast om, og det vil kvart einaste år framover kosta ekstra ressursar og sannsynlegvis også auka økonomisk støtte til jordbruket. Og det er verdt å merka seg at ein slik politikk for auka sjølvforsyningsgrad i Noreg har liten eller ingen støtte i økonomisk teori, i WTO (heller ikkje mellom utviklingsland) eller i OECD. Spørsmålet er likevel om kostnadene med den politikk som til sjuande og

sist vert valt for å møta ei krise står i eit rimeleg høve til kostnadene med å ikkje gjera noko, og til risiko for at denne type krisesituasjonen skal inntreffa.

Auka matproduksjon utover dagens nivå vil gje større slingringsmon i ei krise, men vil med dagens produksjonskostnader lett bli dyrt. Før ein eventuelt legg opp til auka matproduksjon i normale tider, bør ein etter mitt syn heller starta med tiltak for å redusera matsvinn og matavfall i heile verdikjeden for mat (som er betydeleg) og dermed unngå ytterlegare unødvendig og kostbar bruk av ressursar, inkl. økonomisk støtte.

I denne samanheng er det interessant å visa til at 24. september 2017, så gjennomførte Sveits ei folkerøysting om matvaresikkerheit basert på eit framlegg frå føderale styresmakter til endring av artikkel 104a i den sveitsiske grunnlova, og som var eit direkte motframlegg til det folkelege initiativet for folkerøysting om matvaresikkerheit (initiert av det føderale sveitsiske bondelaget). Dette folkelege initiativet vart trekt tilbake etter at eit av fleirtal i det sveitsiske parlamentet røysta i favør av motframlegget (Swizz Government, 2017b). Resultatet av folkerøystinga var at eit stort fleirtal (77,8 prosent), stemde ja til framlegget. Ifylgje Swiss Broadcasting Corporation (2017b) inneber resultatet av folkerøystinga at den relativt vage artikkel 104a i den sveitsiske grunnlova som lovar innbyggjarane «*the reliable provision of the population with foodstuffs*», vil verta litt mindre vag: «*It will incorporate five elements deemed key to helping Switzerland feed its population in the face of political and climatic uncertainty: Prevent erosion of domestic agricultural production base, make food production more adaptable and efficient, reduce dependence on subsidies, maintain cross-border trade, and reduce waste. The amendment will better define the kind of agriculture the Swiss people would like to see more of: local and sustainable. However, no new laws on food security will be passed and the federal government as well as cantons are not obliged to take any new action as such.*» (Swiss Broadcasting Corporation, 2017b). Det er interessant å merka seg at tillegget til artikkel 104a eksplisitt vil uttrykkja at det å oppretthalda handel med andre land vil vera ein del av det å sikra matvaresikkerheit i Sveits i lys av politisk og klimamessig uvisse. I tillegg skal landbruket ta vare på det innanlandske produksjonsgrunnlaget, verta meir tilpassingsdyktig og effektivt, mindre avhengig av støtte og redusera matsvinn.

5 Kva verkemiddel kan bidra til god matvareberedskap i Noreg?

Ifylgje økonomisk teori vil treffsikre og målretta verkemiddel vera mest effektive for å oppnå eit mål, i dette tilfellet mål om nasjonal matvareberedskap. Sidan det kan tenkjast ulike typar kriser og tidsperspektiv (varigheit) for kriser, er det ikkje gitt at same verkemiddelet er mest effektivt ved alle kriser (Flaten, 1999). Mest sannsynleg vil det vera fornuftig og effektivt med ein kombinasjon av verkemiddel; jf. kapittel 4 om ulike strategiar for å sikra tilfredsstillande matvareberedskap ved ulike typar kriser.

Eit viktig tiltak for god matvareberedskap er å bidra til eit velfungerande internasjonalt handelssystem gjennom vår medlemsskap i WTO og ved inngåing av andre handelsavtalar som kan sikra at det vil vera mogleg med i alle fall noko import også ved ulike kriser. Eit anna tiltak kan vera å ha eit visst lager av korn og av såfrø i statleg eller privat regi. Dessutan vil det vera viktig å ha ordningar der støtte går til dei innsatsfaktorane som trengs for å sikra ein løpande produksjon med tanke på å oppretthalda produksjonsevna for matproduksjon ved langvarige kriser. Arealstøtte, dyrestøtte og driftstilskot kan vera ein effektiv kombinasjon av verkemiddel. Ifylgje Brunstad, Gaasland og Vårdal (1995) vil det for å oppnå eit mål om matvareberedskap, vera treffsikkert å utbetala ein kombinasjon av arealstøtte, husdyrstøtte og arbeidskraftstøtte. Det kan etter mitt syn dessutan vera nødvendig med noko bruk av pristilskot; ikkje minst for å halda oppe produksjonsevna i distriktsjordbruket. Ifylgje Flaten (1999) kan det også vera nødvendig med krav om minstestandardar til drift for å sikra at produksjonsevna vert oppretthalden.

Handelspolitiske verkemiddel som til dømes toll, er ikkje direkte retta mot eit slikt beredskapsmål (eller andre mål), gir sideverknader i økonomien og er derfor i utgangspunktet mindre effektive. Eg kan her visa til artikkelen «Multifunctional Agriculture, Policy Measures and the WTO: the Norwegian Case» i tidsskriftet *Food Economics* (Prestegard, 2004), og NILF-rapport 1999-5 «Norsk matvareberedskap – en økonomisk analyse» (Flaten, 1999) og elles til tekstbøker i grunnleggjande økonomisk teori. Men, vi har dette med stivhengigheit: Noreg har det importvernet vi har som fylgje av historia og dei gjeldande internasjonale handelsavtalane, inntil ev. nye avtalar om tollkutt og/eller auka importkvotar vert inngått i WTO, via EØS-avtalen eller via andre, bilaterale handelsavtalar. Det er for tida stillstand i forhandlingane i WTO om ytterlegare liberaliseringar på landbruksområdet, så importvern vil i overskødeleg framtid uansett vera ein del av norsk politikk for nasjonal matvareberedskap.

6 Oppsummering

Oppsummert så vil Noreg og norske innbyggjarar vanlegvis ikkje ha problem med å skaffa seg nok og trygg mat for eit fullgodt kosthald, også i tider med prisauke. Norsk matvareberedskap bør, etter mitt syn, handla om å førebu seg til kriser der matforsyninga kan verta alvorleg trua på grunn av krig, konflikhtar, miljø- og naturkatastrofar, pandemiar, klimaendringar, o.l. Lagring av jordbruksprodukt og innsatsmiddel kan ha betyding ved kortvarige forsyningskriser med varigheit på 1-2 år. I meir langvarige krisesituasjonar enn 2 år vil det måtta skje ei omlegging av innanlandsk produksjon og endringar i kosthaldet. Oppretthalding av ein løpande jordbruksproduksjon over heile landet er viktig med tanke på framtidig matproduksjon ved langvarige kriser. Auka matproduksjon med tanke på uendra eller auka sjølvforsyningsgrad for jordbruksvarer i normale tider slik regjeringa og Stortinget har lagt opp til dei seinaste åra, gjev ikkje nødvendigvis god matvareberedskap i krisetider, nettopp fordi ein då etter all sannsynlegheit vil måtta leggja om både produksjon og kosthald. Ein slik politikk for uendra eller auka sjølvforsyningsgrad har dessutan liten eller ingen støtte i økonomisk teori, i WTO eller i OECD. Og ein slik politikk vil over år innebera betydeleg ekstra ressursbruk og økonomisk støtte som kunne ha vore brukt på andre fornuftige ting.

Til sjuande og sist vil det likevel måtta vera politikarane som må bestemme politikken på området matvareberedskap, men det er viktig å hugsa at politikarane også kan ha andre mål for landbruks- og matpolitikken å ta omsyn til, og som kan innebera behov for andre landbrukspolitiske verkemiddel, som for eksempel det å ta vare på kulturlandskapet og ha eit landbruk over heile landet.

Referansar

- Bredahl, M.E., Holleran, E.E., Northen, J.R., 1999. Food Security: Definitions, Dimensions and role in WTO. NILF-report 1999: 2. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Brunstad, R.J., Gaasland, I. og E. Vårdal, 1995. Agriculture as a provider of public goods: a case study for Norway. *Agricultural Economics*, 13(1): 39-49.
- Flaten, O., 1999. Norsk matvareberdeskap – en økonomisk analyse. NILF-rapport 1999-5. Norsk institutt for landbruksøkonomisk analyse, Oslo.
- Harvey, D.R., 1997. The GATT, the WTO and the CAP. I Ritson, C. & D.R. Harvey (red.) *The Common agricultural policy*, 2nd edition. CAB International, Wallingford, s. 377-405.
- Norges Offentlige Utredninger, 1991. Norsk landbrukspolitikk. Utfordringer, mål og virkemidler. Hovedinnstilling. NOU 1991: 2B. Statens Forvaltningstjeneste, Seksjon Statens Trykningskontor, Oslo.
- Maxwell, S., 1996. Food security: a post-modern perspective. *Food Policy* 21(2): 155-170.
- Prestegard, S.S., 1992. Norsk landbrukspolitikk - legitimering og ulike verkemiddelsystem (Norwegian agricultural policy – legitimacy and different systems of policy instruments). Doctor Scientiarum Thesis 1992:5. Agricultural University of Norway (NLH), Ås.
- Prestegard, S.S., 2004. Multifunctional Agriculture, Policy Measures and the WTO: the Norwegian Case. *Acta Agriculturae Scandinavica C, Food Economics* 1(3): 151-162.
- Sturgess, I.M., 1992. Self-sufficiency and food security in the UK and EC: Presidential address. *Journal of Agricultural Economics*, 43(3): 311-326.
- Swiss Broadcasting Corporation, 2017. 2017. Swiss voters demonstrate appetite for food security (forfatter Anand Chandrasekhar). SWI swissinfo.ch – the international service of the Swiss Broadcasting Corporation (SBC). <https://www.swissinfo.ch/eng/food-security-on-swiss-voters--menu/43536412>
- Swizz Government, 2017a. Federal Constitution of the Swiss Confederation. Art. 104 Agriculture. <https://www.admin.ch/opc/en/classified-compilation/19995395/index.html#a104>
- Swizz Government, 2017b. Federal Decree on Food Security (direct counter-proposal to the Popular Initiative ‘For food security’, which has now been withdrawn). <https://www.admin.ch/gov/en/start/documentation/votes/20170924/bundesbeschluss-ueber-die-ernaehrungssicherheit.html>
- Winters, L.A., 1990. Digging for victory: Agricultural policy and agricultural policy. *OECD Economic Studies*, 13: 170-190.

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) ble opprettet 1. juli 2015 som en fusjon av Bioforsk, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) og Norsk institutt for skog og landskap.

Bioøkonomi baserer seg på utnyttelse og forvaltning av biologiske ressurser fra jord og hav, fremfor en fossil økonomi som er basert på kull, olje og gass. NIBIO skal være nasjonalt ledende for utvikling av kunnskap om bioøkonomi.

Gjennom forskning og kunnskapsproduksjon skal instituttet bidra til matsikkerhet, bærekraftig ressursforvaltning, innovasjon og verdiskaping innenfor verdikjedene for mat, skog og andre biobaserte næringer. Instituttet skal levere forskning, forvaltningsstøtte og kunnskap til anvendelse i nasjonal beredskap, forvaltning, næringsliv og samfunnet for øvrig.

NIBIO er eid av Landbruks- og matdepartementet som et forvaltningsorgan med særskilte fullmakter og eget styre. Hovedkontoret er på Ås. Instituttet har flere regionale enheter og et avdelingskontor i Oslo.